# Menighetsbladet

40. årgang Nr. 6 Julen - 2007



Bore

Orre

Klepp

Frøyland-Orstad

40. årgang Nr. 6 Julen - 2007

Menighetsbladet

Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Olav Harbo
Laila Gravdal (kontaktperson)

Framsidefoto: Einar Egeland

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Jærbladet

Postadresse:
Menighetsbladet - Postboks 101 - 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut i begynnelsen av februar.

## STOFF MÅ LEVERAST INNAN 8/1 !

Julaftan og nyttårsaftan 2007 vil kyrkjekontoret vera stengt. I romjula opent torsdag 27.12 frå 10.00-14.00 og fredag 28.12 frå 10.00-13.00.

Prest Arnt Askildsen har tenestevakt alle dagar i veke 52 og er å treffe på tlf. 489 97 116

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no.

Der vil du finne mykje nyttig informasjon.
Velkomen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |

e-post, menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no

## KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag og tysdag: | 08.30 - 14.30 |
| Onsdag: | 08.30 - 12.30 og 17.00 - 18.30 (etter avtale) |
| Torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |

| | Direktenummer | Privat |
|---|---|---|
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 51 42 38 41 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Diakon (vikar), Ingelin Hatteland Norbakken | 51 78 95 56 | 481 90 318 |
| Kyrkjeverje, Per Gaute Liland | 51 78 95 60 | 412 66 042 |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Kantor, Laila Gravdal | 51 78 95 58 | 413 09 280 |
| Organist, Ove Byberg | 51 78 95 58 | 926 67 300 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Kyrkjetenar, Ketil Terning | 51 78 95 57 | 900 35 471 |
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 51 78 95 52 | 402 01 978 |

## KLEPP KYRKJE — 51 42 16 39

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 42 38 41 |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 900 35 471 |
| Kantor, Laila Gravdal | 413 09 280 |
| Leiar i soknerådet, Svein Olav Nesse | 51 42 34 86 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 478 70 004 |

PROSJEKT KLEPP STASJON:
Prest, Frode Helvig — 986 03 405
e-mail: presten@kleppstasjon.no

## BORE KYRKJE — 51 42 22 52

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Åsmund Steinnes | 402 01 978 |
| Organist, Ove Byberg | 926 67 300 |
| Kyrkjetenar, Morten Byberg | 51 42 25 16 |
| Klokkar, Terje Idsø | 51 42 18 09 |
| Leiar i soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 |

## ORRE KYRKJE — 51 42 23 46

| | |
|---|---|
| Prest, Jarle Minnesjord | 970 66 145. |
| Organist, Arne Hadland | 51 48 83 77 |
| Kyrkjetenar, Marit Hetland | 51 42 89 03 |
| Klokkar, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 |
| Leiar i soknerådet, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 |

## FRØYLAND OG ORSTAD SOKN

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Orstadvegen 2, 4355 Kvernaland |
| Postadresse: | Postboks 43, 4356 Kvernaland |
| Telefon: | 51 42 65 21 |
| Telefaks: | 51 42 65 26 |

KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Tirsdag | 09.00 - 12.00 |
| Torsdag | 09.00 - 12.00 |

PRIVATTELEFONAR

| | |
|---|---|
| Sokneprest, Arnt Askildesen | 911 81 578 |
| Dagleg leiar, Marie Klakegg Grastveit | 908 66 173 |
| Musikalsk leiar, Hilde Svela | 482 45 034 |
| Ungdomsarbeidere: Helen Hetland Mori | 412 02 272 |
| John Lende | 917 14 048 |
| Menighetspedagog, Hildegunn Undheim | 911 81 578 |
| Leiar i soknerådet, Asbjørn Ueland | 51 48 76 13 |

# Julegåve til Menighetsbladet!

Syns du at Menighetsbladet var fint denne gongen? Det syns vi. Det gjer seg veldig med litt fargar. Men fargar kostar litt meir og økonomien til Menighetsbladet går dessverre litt dårleg for tida. Menighetsbladet er heilt avhengig av at folk støtter opp økonomisk. Vi ber deg derfor om å nytte den giroen du finn i bladet denne gongen. Viss alle gir litt meir enn dei pleier så vil det hjelpe oss mykje! Å lage eit Menighetsblad er kostbart; layout, trykking og porto er det pengane vil gå til. Vi som skriver i bladet gjer det på frivillig basis fordi vi syns det er kjekt å lage Menighetsblad. Vi håpar du setter pris på Menighetsbladet og at du vil gi oss ei fin julegåve i år. Tusen takk ☺

Helsing Redaksjonen,
med ønske om ei god jul til alle!



# Annonsere i Menighetsbladet?

Vi har plass til fleire annonsørar. Annonseinntektene er viktige for at vi skal kunne halde fram med å sende ut Menighetsbladet 6 gonger i året til alle i Klepp. Utgifter til trykking, layout og distribusjon må dekkast inn.

Ta kontakt på e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no dersom dette er noko for din bedrift.

Helsing redaksjonen



# Kjære lesarar

Det nærmar seg eit nytt år og mange nye og spanande utfordringar ligg framføre oss. Viktige saker som kyrkja må løysa i fellesskap og samarbeid med kommuneadministrasjonen, politikarar og andre.

Landsgjennomsnittet for kommuneoverføringar til kyrkja i 2006 låg på kr 430 pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for Rogaland i 2006 var kr 496 pr. innbyggjar. I Klepp var kommuneoverføringa i 2006 på kr 329 pr. innbyggjar. Til samanlikning ligg Gjesdal kommune på kr 464, Hå på kr 421 og Time på kr 338 pr. innbyggjar. Time kommune fatta vedtak i 2006 om ei tydeleg opptrapping av generelt tilskot til kyrkja.

I eit møte i kommunestyret i 2005 vart det vedteke mål for opptrapping av overføringane til kyrkja. Det målet er nå forelda sidan Statistisk Sentralbyrå har gjennomført ei omgruppering kommunane etter folketal og økonomiske rammevilkår. Premissane for vedtaket i kommunestyret er endra og difor bør målet justerast og vere uavhengig av kommunegrupper. Eit nytt mål kan vere at tilskotet pr. innbyggjar vert auka og trappa opp, slik at Klepp i løpet av dei neste par åra kjem opp på 100% av landsgjennomsnittet og deretter har eit mål å kome opp på 100% for gjennomsnittet i Rogaland.

Klepp kyrkjelege fellesråd har difor bedt om at tilskot til drift og investeringar til kyrkja vert auka og trappa opp.

**Viktige saker for Klepp kyrkjelege fellesråd i perioden 2008-2011**

**Bygging av Frøyland og Orstad kyrkje:**

**1.** Frøyland og Orstad sokn vil etter planen få ferdig ei ny kyrkje i 2008. Grunnarbeidet er alt påbegynt og bygging held fram etter planen. Viktige milepælar: Grunnsteinnedsetting 18. mai 2008. Vigsling av kyrkja 14. desember 2008.

**2.** Frøyland og Orstad sokn må også snart starte med å planlegge og få sett av tomt til ein kyrkjegard i nærleiken av kyrkja. Ein eigen kyrkjegard vil gje identitetskjensle og ein har alt nå fått spørsmål frå Frøyland sida om ”kor skal dei gravleggjast i framtida”.

**Utviding av Bore kyrkje:**

**1.** Bore kyrkje, slik ho er i dag, vart bygd og vigsla i 1891 då folketalet var 481 personar. Sidan den tid har kyrkja hatt ein sentral plass i tilværet til menneska i bygda. Arbeidet med å utvida kyrkja, som fleire sokneråd har vore meir eller mindre engasjerte i sidan 1980-talet, har til nå ikkje ført fram. Fellesrådet vil på nytt i komande budsjettperiode og økonomiplan, fremje behovet om utviding av kyrkja. I dag er folketalet i Bore sokn i underkant av 4000 personar. Med plass til snaue 200 menneske er kyrkja altfor lita både ved fleire gudstenester, høgtidsdagar og gravferder. Ei utviding av kyrkja etter planen slik den nå er utarbeidd, vil føre til at omlag 270 personar får plass i kyrkja.

**Innkjøp av nytt orgel til Orre kyrkje:**

**1.** Gamalt orgel i Orre kyrkje er svært ustabilt og av dårleg kvalitet. Orgelet kan kollapse når som helst. Det vart i 2006 oppretta ein ”Orgelkomite” til å ta seg av arbeidet med å kjøpe orgel. Det er viktig at det vert løyvt pengar til dette prosjektet i denne budsjettperioden, slik at arbeidet med å få på plass nytt orgel kan ta til før det gamle orgelet kollapsar heilt.

**Renovering av Orre gamle kyrkje**

**2.** Renovering av Orre gamle kyrkje er både av kyrkjeleg og kulturell interesse. Kyrkja, som er freda, er bygd i midten av 1200-talet og er det eldste bygget i Klepp kommune. Utvendig lekkasje fleire stader i taket, mykje fuktigheit innvendig i tak og i vegger og høg luftfuktigheit, gjer at den gamle kyrkja forfell raskt. Kyrkjeleg fellesråd i Klepp er ansvarleg for alle kyrkjebygg i kommunen og kommunen er ansvarleg for finansiering av førebyggjande og utbetrande tiltak i samsvar med kyrkjelova. Fellesrådet viser til at etterslepet på vedlikehald og rehabilitering for Orre gamle kyrkje er stort og renovering av kyrkja må snarast råd setjast i verk for å hindre vidare utvikling av råteskader i takkonstruksjonar og øydelagde fasadar og inventar. I følgje kommunegartnar kan det også vere helsefarleg å vere utanfor kyrkja når det bles sidan taklektene er rotne og teglsteinpanner fell av og ned på marka. I investeringsbudsjettet er det planlagt at renoveringa kan gjerast over ein treårs periode. Det kan likevel syna seg at mur/steinveggene er så fulle av vatn at dei må stå i eit til to år for å tørke ut. Dette vil først bli klart etter at arbeidet har teke til.

**Gjennoppbygging av gamal steingard og støttemur kring kyrkjegarden til Orre gamle kyrkje**

**3.** Steingarden/støttemuren kring Orre gamle kyrkje er i svært dårleg stand. Steingarden held fram med å rase ut etter mange år med sandflukt. Riksantikvaren har ikkje merknader til at arbeidet med utbetring nå vert påbegynt og gjennomført under føresetnad av at den vert sett tilbake slik den ein gong var. Sidan dette er ein gamal gravplass, har arkeologisk museum sagt at dei må vere til stades når arbeidet med steingarden tek til og også under sjølve arbeidet.

**Lyd- og biletanlegg i Bore, Klepp og Orre kyrkje**

**4.** Lydanlegg er i dag installert i alle kyrkjene. I alle bygg/rom der tale, musikk, song og liknande er hovudinnhald i

aktivitetane, er det å få lyden fram til alle det viktigaste. Det gjeld og for høyrselhemma. Dei lydanlegga som til nå har vore i bruk, har dekka behovet for å forsterka lyd i kyrkjeskipet. Lydanlegga i kyrkjene er enkle og gamle og dekker ikkje behova som er aktuelle i dag. Nokre av dei fungerar også dårleg. Dette, saman med behov for overføring av tale, song og bilete til andre rom som kan nyttast når kyrkja er fullsett, gjer at kyrkja ser det viktig at anlegga vert skifta ut slik at dei tilfredstiller desse behova. Med installasjon av nye anlegg skal dette og dekke behovet for mindre songgrupper og instrumentalgrupper.

**Stolar og bord til kyrkjesalen i Klepp kyrkje**

**5.** Til den nyoppussa kyrkjelydsalen trengs nye stolar og nye bord. Dei gamle stolane og borda er slitne, men dei som enno kan brukast skal nyttast i underetasjen i "sundagsskulerommet".

**Utskifting av gamle puter i kyrkjebenkane til Klepp kyrkje**

**6.** Oppussingsarbeidet i kyrkjesalen i Klepp kyrkje held fram. Benkeradene er malte og maling av golvet i våpenhus skal også påbegynnast i år. I samband med oppussingsarbeidet er det naudsynt å skifte ut alle dei gamle putene i benkeradene. Nokre av putene skulle ha vore skifta ut for lenge sidan, då dei er heilt tynnslitne og har hol.

**Energistyring av alle kyrkjene i Klepp kommune**

**7.** Energistyring går i kort sagt ut på å redusere bruken av energi. Alt straumforbruk til kyrkjene i Klepp kommune vil kunna styrast optimalt. Dette kan skje via fjernstyring og overvaking av all varme og temperatur i kyrkjene. Styringa kan verta gjennomført frå telefon, SMS og/eller Internett. Det same energistyringssystemet er tatt i bruk i alle skulane i Klepp kommune, og straumutgiftene til skulane har gått ned med omlag 30%. Målet er å redusere straumutgiftene i kyrkjene like mykje som skulane i Klepp. Med dette systemet oppnår ein i tillegg ein stor vinst ved at alle verdfulle måleri på altertavler, preikestolar vegger og tak vert betre ivaretekne, ved at ein kan halde ein rett og kontrollert temperatur i skiftande ver og årstider.

**Ny kyrkjetomt for ny kyrkje i Klepp**

**8.** Klepp kyrkje blei bygd i 1846 då folketalet var 963 personar. Kyrkja er verna og påbygging/ ombygging eller riving vil ikkje riksantikvaren godkjenna. I dag er folketalet i soknet over 7000 personar og kyrkja er for lita ved fleire Gudstenester, mange høgtidsdagar og dei fleste gravferder. Det er heller ikkje tilfredsstillande rom for barnesamlingar, konfirmantarbeid og liknande. Kyrkja er i det heile ikkje tilpassa dei oppgåvene som er forventa av ein kyrkjelyd i dag. Komiteen for ny kyrkje i Klepp arbeidar for tida med å sikre ny kyrkjetomt til ny kyrkje.

Eg håper at desse viktige sakene vil engasjere mange innbyggjarar i kommunen, både tittgjengde og mindre tittgjengde kyrkjebrukarar.

Eg vil også nytte dette høvet til å takke for gild jobb som kyrkjeverje i Klepp kommune – det er for meg eit fantastisk rikt og innhaldsrik arbeid. Arbeidsoppgåvene som kyrkjeverje er mange, interessante og krevjande. Samarbeidet med dei tilsette på kyrkjekontoret er svært godt og det same er samarbeidet med dei tilsette i kommuneadministrasjonen. Til sist vil eg nemne at eg er svært imponert og glad over den store dugnadsånda og gjevargleda som finns blant innbyggjarane i alle sokna i Klepp kommune. **Ein kjempestor TAKK vil eg rette til alle saman.**

*"Og Ordet vart menneske*
*og tok bustad mellom oss,*
*og vi såg Hans herlegdom,*
*som den einborne Sonen*
*har frå sin Far,*
*full av nåde og sanning".*
*(Joh. 1:14)*

Beste helsing

**Per Gaute Liland**
kyrkjeverje

*Eg vil ynskje dykk alle ei gild og velsigna Julehelg!*

*God Jul!*



*Orre gamle kyrkje må renoverast.*



*Orgelet i Orre kyrkje er gammalt og kan svikte når som helst.*



*Bore kyrkje har for få sitteplassar.*



# Lønnl

**Det har vore englane sitt år i år.  Når dette vert skrive, gir Google meg 4,5 millionar treff på ordet engel. Stikkordet angel gir ikkje mindre, 210 millionar treff. Snakk om populært tema. Når jula er over, har tala auka kraftig. For juleevangeliet set englane i fokus, og julesongane minner oss stadig om dei. Den julesongen som er mest vanleg i verda, "Glade jul" (Stille Nacht, Holy night) handlar om englane i alle vers:**

*Glade jol, heilage jol!*
*Englar kjem frå Guds kongestol.*
*Blomar ber dei frå Paradis,*
*fint og fagert dei syng Guds pris.*
*|: Løynleg i kring oss dei gjeng. :|*

*Jolebod, gledeleg bod*
*tonar til oss med himmelljod,*
*song av englar som hyrdingar såg*
*den gong Jesus i krubba låg.*
*|: Songen av englar er sæl. :|*

*Fred på jord, fryd på jord!*
*Jesusbarnet det er vår bror.*
*Englar syng om hans herlegdom,*
*han har reidd oss i himmelen rom.*
*|: Songen av englar er sæl. :|*

*Sæle fred, himmelsk fred,*
*jolekvelden til jord kom ned.*
*Englar syng om den fred dei såg,*
*syng om han som i krubba låg.*
*|: Gled deg, kvar sjel han har frelst! :|*



# ig iblant oss

Får vi besøk av englar denne jula?
Vi gjør det om vi slepp juleforteljinga inn på oss. B. S. Ingemann som omsette ”Glade jol”, opna seg for juleforteljinga. Han undra seg over at englane kom så stillferdig til fattige gjetarar og til ein enkel familie. Han hadde forstått at englar verkar i det stille. Dei verkar til beste for andre. Dei vert ikkje påkalla. Englar er bodberarar som Gud sjølv sender. Dei syng om fred og bringer fred. Dei bringer noko av paradis til jord. Dei bringer oss eit fortetta nærvere av Gud. Englane si hovudoppgåve er å peika på Jesus.

Får vi besøk av englar denne jula?
Ja, om vi opplever det englane er til for. Jula skal gi oss fred. Den skal få oss til å arbeide stillferdig til beste for andre. Den skal gje oss eit fortetta nærvere av noko som er annleis, heilagt, guddommeleg. Heldigvis skjer det ofte i jula at menneske handlar slik englar gjer. Slik får mange besøk av englar i jula. Viss vi denne jula får sjå Jesus tydelegare, har vi verkeleg hatt englar på besøk.
”Koffor ska då englane gå rondt midt iblant oss og vera hemmelige og usynlige?”, spør Broremann i Ajax-forteljinga ”Lønnlig iblant oss”. Hu Johanna veit svaret – riktig nok etter å ha klødd seg heile to gonger på leggen. Englane er der allereie når vi syng julesongane, og når vi ofte ikkje ser det, er det fordi ”adle mennesker har ein løyen øyensykdom”.
Englane peiker på noko så hjelpelaust som eit barn: I barnet ligg håpet og framtida. I barnet Jesus ligg det store håpet og vår framtid. Ser vi det, blir det verkeleg ei fredfull jul.



# SE, HØRE, GJ


Sultne barn venter på boller og saft.



Det smaker godt med mat på dåpsskolen.


Noen av de 22 barna på dåpsskolen.

Tekst og foto: Laila Gravdal

Denne tirsdags ettermiddagen er hele dåpsskolen på besøk i Klepp kyrkje. Barna er veldig spente når de samles i kirkeskipet rundt et lite bord med et lys. Menighetspedagog Kjersti ønsker barna velkommen og sier at nå skal de synge ”Jeg blir så glad når jeg ser deg”. Ovenfra høres plutselig musikk og barna stemmer i. Men, hvor kom den musikken fra? Turen går nå opp på galleriet der organisten har gjemt seg. Barna flokker seg rundt orgelkrakken og uttrykker stor begeistring når organisten åpner dørene som de store orgelpipene skjuler seg bak. Så synger vi en sang til og får høre en bryllupsmarsj.

- Når dere ble født ble dere født til å være mors og fars barn og tilhøre Norges land. Men når dere ble døpt ble dere født til å være Guds barn, tilhøre Guds rike og til å leve for alltid hos Gud. Prest Åsmund Steinnes forklarer barna på dåpsskolen om dåpens mysterier. Mange ivrige hender rekkes i været, noen for å fortelle en historie om da lillebror ble døpt, en annen om når han nesten ble tatt av ei bølge på stranda en gang. Og så er det tid for å leke dåp. Det er ikke noe problem å få noen til å være dåpsfølge, og på en-to-tre så har vi mor, far, faddere og besteforeldre på plass. Presten forklarer hva som skjer når noen vil døpe barnet sitt, og barna følger nøye med. - Men dokka blir altså bare døpt på liksom nå, siden vi ikke har vann i døpefonten, presiserer presten. Det gjør ingenting, og dåpsfølget gjennomfører oppgavene sine med stor innlevelse.

Etterpå samles alle i menighetssalen til hjemmebakte boller og saft. - Og boller og saft har vi hver gang unntatt siste samling for da blir det sjokoladekake, smiler Kjersti menighetspedagog som er ansvarlig for dåpsskolen. På hver samling skal vi ”se, høre, gjøre og smake”. I dag har vi for eksempel sett kirka og orgelet. Vi har hørt presten fortelle om dåpen, også har vi lekt dåp. Og nå smaker vi på boller og saft. Dåpsskolen er et tilbud til 1. klassinger i Klepp kommune og er en del av trosopplæringen i kirka. Til våren vil 1. klassinger på Bore, Vasshus, Tu og Horpestad skule få mulighet til å melde seg på dåpsskolen. Det vil være 6 samlinger før påske.

# ØRE, SMAKE



*Barna på dåpsskolen bærer dokka til døpefonten.*



*Barna hører når Åsmund prest forteller om dåpen.*

**Det er ikke noe problem å få noen til å være dåpsfølge, og på en-to-tre så har vi mor, far, faddere og besteforeldre på plass.**

# Julebasar

# på Salte

Tekst og foto: Anne Håkonsholm

**- Det kimer nå til julefest, det kimer for den høye gjest… Framme på talarstolen står ei dame og held opp eit stort pappstykke der julesongen er handskriven. Songen stig opp frå tette benkerader med forventningsfulle born og  vaksne. Det er andre søndag i desember og julebasar på Salte bedehus.**

Ester Salte er ikkje berre dama som står bak pappstykket med julesong på, men ho er dama bak heile arrangementet. I år er det Esterbasar, som den også vert kalla, for 22. gong. Vi kan undre oss over kva som er drivkrafta til Ester.
- Eg vil så gjerne at andre skal få ta del i bodskapen om Jesus, som er så vikig i livet mitt. Med ein basar kan menneske både få høyre forkynning og ta del i misjonen gjennom å gi pengar. Eg formidlar pengane til Misjonssambandet som er "min misjon". Det er ikkje noko ork med basaren, det er ei glede! Men eg hadde aldri klart dette åleine. Borna mine og mannen min har stilt opp saman med andre trufaste bidragsytarar. Fortsatt kjem barna heim og hjelper til sjølv om dei er etablerte og har ein travel kvardag på kvar sin stad. Basaren bind familien saman. Det er kjekt å gjere noko meiningsfullt i lag. Kvart år stiller ei veninne med kakemenn som har sko og hue av sjokolade, melis som munn og auge og ikkje minst nonstopp som knappar. Dei er flotte å sjå på og smakar godt.



Ein kakemann på julebasar.

Julebasar på Salte er som å oppleve eit snev av fortida. Det er ei heilt spesiell stemning og ein fast del av førjulstradisjonane til mange av dei frammøtte. Her er det mange detaljar som er like frå år til år… Det hadde ikkje gjort same susen om julesongane på papp vart erstatta med moderne power point eller om dei staute treårene vart erstatta med papir i fancy fargar. Kakemenn og risbollar til kaffe og saft vert servert av familien Salte i fleire generasjonar, det er fast tradisjon. Serveringa foregår i benkene. Noko anna ville vore umogleg med så mange samla i dette lokalet. Gevinstane heng over snorer og er sirleg oppstilt framme så alle kan studere dei. Mellom dei mest populære gevinstane er heimelaga juledekorasjonar produsert av basarmora sjølv; Ester.
- Det har vorte tradisjon at eg lagar ti juledekorasjonar til basaren kvart år. Eg samlar utstyr langs strendene og brukar røter som kjem fram under nydyrking. Dei vert sirleg vaska og tørka. Konglar er det nok av i Salteskogen. Kvart år kjem det ein mann frå Moi med granbar til dekorasjonane. Eg lærte litt medan eg arbeidde på Tryggheim og eg har gått kurs hjå Erna Holen. Sjølve arbeidet med å sette saman dekorasjonane må skje rett før basaren for at dei skal få glede vinnaren gjennom jul og nyårsfeiringa.

I år vert basaren på Salte bedehus den 8. desember. Der det er hjarterom er der husrom. - Ein gong var det hundre og tjue personar samla, men då var det tett, seier Ester som er inne i dei hektiske førebuingane.

*Bakgrunnsbildet: I år står Salte bedehus fram med ny og flott fasade, men stilen er som i gamle dagar.*



*Mange flotte gevinstar vert lodda ut.*



*Den skal tidleg krøkast… Husbond Alfred og barnebarnet under trekningen.*



*Julesongar skreven på eit pappstykke.*



*Ester med ein av juledekorasjonane.*

# Gudstenester

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**09.12.** Gudsteneste med lovsong. Dåp. K4. Andreas Haarr. Elling Hodne. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**16.12.** Høgmesse. Nattverd. K4. Åsmund Steinnes. Arne Hadland. Offer til Kirkens Bymisjon.

**23.12.** Gudsteneste. Jul i ord og tonar. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**24.12.** Julatftan. Gudstenester kl. 1400, 1515 og 1645. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Klepp skulekorps og musikarar frå Klepp hornmusikk.

**25.12.** Høgtidsgudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**01.01.** Nyårsdag. Høgmesse. Nattverd. Andreas Haarr. Arne Hadland. Offer til Bibelskolen i Grimstad.

**06.01.** Kleppe bedehus kl. 1030. Nattverd. Andreas Haarr. Ove Byberg.

**13.01.** Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

**20.01.** Høgmesse. Nattverd. Lars Sigurd Tjelle. Laila Gravdal.

**27.01.** Gudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Laila Gravdal.

**03.02.** Gudsteneste. Kleppe bedehus kl. 1030. Jarle Minnesjord. Ove Byberg.

**06.02.** Oskeonsdag. Fastesamling kl. 1900. Andreas Haarr. Laila Gravdal.

**10.02.** Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Arne Hadland.

## BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**09.12.** Kulturkvelds.

**16.12.** Mukulamesse. Dåp. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til 3.prest i Klepp.

**24.12.** Julaftan. Gudstenester kl. 1400, 1515 og 1645. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**25.12.** Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**30.12.** Høgmesse. Åsmund Steinnes. Ove Byberg. Offer til Blåkors.

**31.12.** Nyårsaftan. Kveldsgudsteneste kl 2300. Åsmund Steinnes. Laila Gravdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**06.01.** Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Laila Gravdal.

**13.01.** Høgmesse. Nattverd. Jarle Minnesjord. Ove Byberg.

**20.01.** Kulturkvelds kl. 1900.

**27.01.** Gudsteneste. Dåp. Åsmund Steinnes. Ove Byberg.

**03.02.** Høgmesse. Nattverd. Åsmund Steinnes. Laila Gravdal.

**10.02.** Kulturkvelds kl. 1900.

## ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**09.12.** Familiegudsteneste. Dåp. Barnekoret syng. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**24.12.** Julaftan kl. 1500. Jarle Minnesjord. Arne Hadland. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**06.01.** Gudsteneste. Dåp. NMS. Malvin Tomren. Arne Hadland.

**20.01.** Høgmesse. Nattverd. Jarle Minnesjord. Arne Hadland.

**03.02.** Gudsteneste. Dåp. Andreas Haarr. Arne Hadland.

# TEKSTANE

*1. s. i advent, 02.12:*
*Luk 4,16-22a; Sal 24; Op 5,1-5[6-10]*

*2. s. i advent, 09.12:*
*Luk 12,35-40; Joel 3,3-5; Hebr 10,35-39*

*3. s. i advent, 16.12:*
** Jes 40,1-8; 2 Pet 1,19-21; Matt 11,11-19*

*4. s. i advent, 23.12:*
** Jes 40,9-11; 1 Pet 1,10-13; Joh 3,26-30*

*Julaften, 24.12:*
*Luk 2,1-14; Mi 5,1-4a*

*Juledag, 25.12:*
*Joh 1,1-5[6-8]9-14; Jes 9,2-3.6-7; Hebr 1,1-5a*

*Sundag etter jul, 30.12:*
*Joh 1,16-18; Jes 2,2-5; Kol 2,8-10*

*Nyårsaftan, 31.12:*
*Joh 14,27; Klag 3,22-26; 2 Pet 3,13-15a.17-18*

*Nyårsdag (Jesu namnedag), 01.01:*
*Matt 1,20b-21; Sal 103,13-18; Hebr 13,5b-8*

*Kristi openberringsdag, 06.01:*
*Joh 8,12; Sal 72,8-17; 1 Tim 3,14-16*

*Vingårdssundagen, 13.01:*
*Luk 17,7-10; 5 Mos 8,7.11-18; 1 Kor 3,4-11*

*Såmannssundagen, 20.01:*
** T Rom 10,13-17; Jer 20,7-9; Mark 4,26-32*

*Kristi forklåringsdag, 27.01:*
*Joh 17,1-8; 2 Mos 3,1-6; 2 Pet 1,16-18*

*Sundag før faste (Fastelavnssøndag), 03.02:*
*Joh 12,24-33; 4 Mos 21,4-9; 1 Tim 2,4-6*

*Oskeonsdag, 06.02:*
*Matt 6,16-18; Jes 58,5-9a; 1 Joh 3,4-8[9-10]*

*1. s. i faste, 10.02:*
*Matt 16,21-23; 1 Mos 4,3-7; Jak 1,12-15*



## JULAFTAN I BORE OG KLEPP

Legg merke til at i år har me 3 gudstenester i Bore og Klepp, kl 14.00, 15.15 og 16.45. Det vil seie at det er betre plass enn nokon gong i kyrkjene. Men det skal vera stappfult på julaftan, så dersom alle passer på å spreie seg på gudstenestane slik at det vert godt fordelt utover ettermiddagen, håpar vi at alle får plass!

## ADVENTSAMLINGAR I KLEPP KYRKJE

I dei siste åra har me hatt fastesamlingar i kyrkja før påske. I år vil me ha nokre enkle samlingar og i tida før jul. Dagane er onsdagar, datoane er 28.11, 5.12 og 12.12. Samlingane tek til kl.1900, varer omlag 30 min, og så vert kyrkja open fram til kl.2100 for dei som vil vera ei stund i stilla og bøn, eller kanskje berre vera i Guds hus. Dette kan vera ein god måte å bruka tida på i advent!
Så vert det konsert onsdag 19.12 med Ledaal vokalensemble.

*Andreas Haarr*



## KYRKJESKYSS

**Klepp Kyrkje:**
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

**Orre Kyrkje:**
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

**Frøyland - Orstad kyrkjelyd:**
Ring kontoret:
tlf. 51 42 65 21

# Gleder du deg

Tekst og foto: Einar Egeland

**Utenfor ligger sykler hulter til bulter. Inne på kyrkjekontoret kryr det av konfirmanter. De sitter krumbøyd over noen skjema på nær sagt alle tenkelige rom, dypt konsentrerte. «Hva er lutheraner?» kan jeg høre at en av dem mumler. Kateket Karsten har spørreundersøkelse. Og så kommer plutselig et nytt spørsmål: er det noen som vil bli intervjuet av menighetsbladet – om juletradisjoner hjemme? Ingen må føle press, det er helt frivillig! Og ganske mange vil svært gjerne fortelle om hvordan familien pleier å ha det på julaften.**
**Til slutt ender vi opp med fem stykker som har tålmodighet til å være igjen litt lenger enn de andre.**


Tonje Braut

***- Gleder du deg til jul?***
Ja!
***- Har dere noen tradisjoner i familien?***
Åpne pakker, spise mat med familien.
Men dere pleier også å gjøre noe mer…
Om ettermiddagen klokken 3 går vi i løa og møter nissen og får hver sin gave.
Middagen begynner kl. 6. Av og til er vi hos farmor, av og til hos mormor. Vi er ganske mange, mellom 10 og 15 stykker. Vi spiser ribbe.
Det aller kjekkeste er å åpne pakker. Det skjer mellom klokken 7 og 8. De minste roper opp navn, de som blir ropt opp går og henter.
Hos mormor går de minste rundt juletreet.
Jeg synes jul er gildt helt til vi skal legge oss, for da er det et helt år til neste gang.
***- Tror du det blir hvit jul?*** Ja!


Sander Madsen

***- Gleder du deg til jul?***
Ja, ja, ja!
***- Har dere noen tradisjoner i familien?***
Bare om ettermiddagen og kvelden. Annethvert år reiser vi til farmor og mormor. Til middag spiser vi som oftest pinnekjøtt.
